



Hordabø Skulemusikklag
v. Lalila Blomvågnes, Hellandsvegen 309
5936 MANGER

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2405 - 14/11989

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

06.11.2014

Tildeling av kulturmidlar - musikk

Radøy kommune deler kvart år ut driftsmidlar til lag og organisasjonar heimehørande i Radøy kommune. Det er sett av kr 325 000 til kulturmidlar for 2014, som skal fordelast etter retningslinjer vedteke i sak 55/00 av formannskapet. Kulturmidlane er grovfordelt etter delingsnøkkel, som gjev kr 10 000 til lag for funksjonshemma, 45% til idrett, 35 % til song og musikk og 20 % til andre lag og organisasjonar.

Kriteria som skal vektleggjast ved tildeling er:

- medlemstal under 18 år
- allsidig aktivitet
- tilrettelegging for funksjonshemma
- aktivitetsnivå innanfor aldersbestemte grupper
- kvalitet på aktivitetane
- medlemskontingent

Det er gjeve kr 110 250 til fordeling for søknader til lag som kjem i kategorien song og musikk.

Radøy song- og musikkråd har kome med framlegg til fordeling av kulturmidlar. Rådmannen har gjort ein del justeringar på song- og musikkrådet sitt framlegg, og vedtek følgjande fordeling av kulturmidlar for 2014.

Rockeverkstaden	10000
Sæbø skulemusikklag	26000
Sæbø barnekor	6250
Songlaget Alvidt/Manger	2000
Radøy damekor	4000
Radøy brass	15000

Hordabø skulemusikklag	20000
Manger skulemusikklag	27000

Beløpa vert sett inn på bankkontonummeret som er oppgjeve i søknaden. Manglar det godkjend revidert rekneskap for 2013, må dette leverast inn før pengane vert utbetalt dykkar konto. Takk for god frivillig innsats i 2014 og lukke til med arbeidet neste år!

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket. Oppgje vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringar som er ønskt, og på kva grunnlag de vil klaga.

Med helsing

Lin Tove Thomassen
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik
kulturkonsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hordabø Skulemusikklag	v. Lalila Blomvågnes, Hellandsvegen 309	5936	MANGER
Manger Skulemusikklag	Postboks 50	5931	MANGER
Radøy Brass			
Radøy Damekor	Isdalstøbakken 55B	5916	ISDALSTØ
Radøy musikkråd			
Rockeverkstaden	Radøy ungdomsskule	5936	MANGER
Songlaget Alvidt / Manger v/Rigmor Korneliussen			
Sæbø barnekor v/ Gunn Terese Haukeland			
Sæbø skulemusikklag	Askelandsvegen 133	5938	SÆBØVÅGEN